LINDÅS KOMMUNE
Teknisk drift

Terje Bjørge
Fyllingsnesvegen 225
5913 EIKANGERVÅG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Rune Kilen | 01.07.2015 |
| Vår: 14/7233 - 15/24086 | Rune.Kilen@lindas.kommune.no | |

# Svar på søknad om dispensasjon frå byggjegrense langs offentleg veg - gbnr 214/87 Fyllingsnes - riving av noverande skur og oppattbygging av sportsbod og garasje

Teknisk drift syner til søknad datert  27.08.2014 om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg og vår uttale i notat av 19.01.2015.

**Vedtak:**

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak og midt kommunal veg skal være minimum 3,5 meter.

- Plassering av tiltak skal være som vist ( dispensasjonssøknad / situasjonskart me bilete), datert Teknisk drift, 27.08.2014

Det er med heimel i Veglova §§ 29, 40-43, forskrift av 1964 om alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler langs offentleg veg, samt vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som bemnt ovanfor.

**Klage:**
Vedtaket kan påklagast til kommunen jf. lov om offetleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**
Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen om vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open.  Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27b.

Med helsing

Rune Kilen
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Terje Bjørge | Fyllingsnesvegen 225 | 5913 | EIKANGERVÅG |